



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

REFERAT frå møte i Kviteseid Sokneråd

Onsdag 14. april 2021, kl.18.00

Stad: Kommunehuset

Innkalla:

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar). Vigdis Helen Bruhaug (1. vara), Kristen Salmelid, kyrkjeverje.
+ 3. vara: Inge Waldenstrøm (grunna meldt forfall)

Desse melde forfall/møtte ikkje:

Gudrun Nordbø Venås og Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar).

Ord for dagen: Møyfrid Lunde

Servering: Vigdis Helen Bruhaug

Oversikt over saker:

SR-sak 20.21 FR	Innkalling og saksliste
SR-sak 21.21 FR	Post og meldingar
SR-sak 22.21 FR	Årsrekneskapen 2020, revidert
SR-sak 23.21 FR	Årsmelding 2020, endringar etter revisjon
SR-sak 24.21 SR	Gudstenesteplan for hausten 2021
SR-sak 25.21 SR	Offerliste for 2021
SR-sak 26.21 SR	Kyrkjebladet, nettsida, Facebook og andre sosiale medier
SR-sak 27.21 SR/FR	Gapahuk i Kviteseid
SR-sak 28.21 FR	Dugnad på kyrkjegardane mai 2021
SR-sak 29.21 FR	Eventuelt

SR-sak 20.21 FR	Innkalling og saksliste	MG
Innkallinga til dette møtet vart sendt ut på e-post fredag 9. april til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost til orientering).		
Merknader til innkalling eller saksliste?		
Forslag til VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.		
VEDTAK: Som føreslege.		

SR-sak 21.21 FR	Post og meldingar	MG ++
1. Riksantikvaren ynskjer langsiktig miljøovervaking av Kviteseid gamle kyrkje . I løpet av 6 år frå 2017 skal overvaking av 45 gamle bygningar starte. Overvakninga er planlagd å vare i 35-50 år og gjennomførast av NIKU (Norsk institutt for kulturminneforskning) og Mycoteam. Det vert berre montert eit klimapanel som skal måle fuktigkeit og temperatur. Panelet kontrollerast etter eit år, og deretter kvart 5. år. <i>Panelet vert montert 21. april.</i>		
2. I mars vart det inngått ein avtale med PlusOffice om eit digitalt verktøy for all internkontroll, HMS og personalarbeid , avvikshandsaming, risikovurdering, HMS-kontroll, timelister m.m. Vi lager skjema for vernerundar tilpassa oss.		
3. Festeavgifter for 2021 er fakturert og etterarbeid med sletting av graver og andre endringar fylgjast opp.		
4. Fylkeskommunen skal utbetra vegen frå Kviteseid kyrkje til krysset til Laustadfeltet. Det kan bli snakk om omkjøring på kyrkja sin parkeringsplass.		
5. Arbeidet med takkonstruksjonen i Brunkeberg er i gang. Førebuande arbeid er gjort siste månad, og frå mandag 12. april tek arbeidet i kyrkja til ved at stillas vert sett opp.		
6. Den norske kyrkja la 7. april fram rapport om framtidig kyrkjeleg organisering . Hovudutvalet leverte sin rapport til Kyrkjerådet. Kyrkjerådet handsamar saka i mai og sender den ut til høyring frå juni til september.		
7. Brev 25.mars frå biskopen til menigheter, prostar og fellesråd i Agder og Telemark bispedømme: « Biskopen i Agder og Telemark bispedømme og Agder og Telemark bispedømmeråd anbefaler innsamlingsaksjonen «Sammen som kirke i hele verden» 2021. Aksjonen er en del av bispedømmets vedtatte arbeidsplan for 2021. Aksjonen er bispedømmets egen respons på koronapandemiens følger for verden. Aksjonen bygger på menighetens valgte misjonsprosjekt og er tenkt som en hjelp for menigheten til å oppfylle sine forpliktelser knyttet til misjonsavtalen.» Vedlagt brev og brosjyre.		
8. Gjennomførte arrangement <ul style="list-style-type: none"> • Møter i utval og komitear <ul style="list-style-type: none"> 11. mars: gudstenesteutvalet 4. mars: møte i diakoniutvalet • Arrangement <ul style="list-style-type: none"> 10. mars: Taizè-bøn i Kviteseid kyrkje 11. mars: Foreldrekveld konfirmantforeldre 20. mars: Konfirmantanes sponsorløp til Fasteaksjonen. Vi stod og utanfor butikkar. RESULTAT frå innsamlinga: Kr 34.000. Nr 7 av 115 menigheter i fylket. 13 kr pr innbyggjar er nr 2 i fylket! 21. mars: Soknemøte (referat ligg ved) etter gudstenesta i Kviteseid 22. mars: Påskesamlingar i Kviteseid barnehage 24. mars: Føremiddagstreff på Misjonshuset • Dåp: 6., 14. og 29. mars • Påskeprogram (utan gudstenester): <ul style="list-style-type: none"> Nattverdsgudsteneste på KOS 31. mars Påskesamling på Midtsundtoppen 6. april <u>Open kyrkje:</u> <ul style="list-style-type: none"> Brunkeberg kyrkje, skjærtorsdag 1. april kl. 17-19 Kviteseid kyrkje, påskedag 4. april kl. 08-12 <p><u>Sendingar på KviteseidKanalen på YouTube</u> (etter opptak på førehand): Langfredag 2. april: Musikkandakt med lidingssoga lest, og song</p>		

Påskedag: Påskeprogram med song, andakt, tekstlesing og samtale med Liv Wendel

- Gravferder: 5., 9. og 30 mars, 7. april

9. Planlagde arrangement

- Felles diakonidag for Vest-Telemark, Brunkeberg 11. april vart avlyst. Det vert i staden berre årsmøte på zoom 20. april
- 21. april: Institusjonsandaktar på KOS og Midtsundtoppen
- 28. april: Føremiddagstreff på Misjonshuset
- 2. mai: Samtalegudsteneste og konfirmantfest (*Tid og stad for festen avklarast*)
- 3.-8. mai: Godhetsveka i Kviteseid. Vi treng medarbeidarar og oppdrag.
- 9. mai: Felles godhetsgudsteneste i bryggeparken i Kviteseid

10. Utval og komitear

- 20. april: Trusopplæringsutval
- 23. april: Komitemøte for kyrkjebladet
- 29. april: Pilegrimsvandring med konfirmantane. Ope for andre interesserte og.
Frå Brunkeberg til Kviteseid. Kl. 16. – 19.
- 3. juni: Gudstenesteutval

11. Rapport smitteverntid

Ny smittevernforeskrift frå 23. februar opna for å samla inntil 100 personar til gudstenestlege samvær og gravferder, framleis med 2 meters avstand mellom huslydar / kohortar. Nå med tilviste plassar.

Dette blei igjen endra 25. mars, då anbefalinga var ‘ingen arrangement’ utanom gravferder. Alle fysiske gudstenester i påska vart difor avlyst.

14. april vonar vi på ei gjenopning med inntil 100 deltagarar med 1-2 meters avstand.

Det vart opening for å ha inntil 100 på innandørs arrangement og 200 ute, med framleis faste tilviste plassar og 1-2 meters avstand, og berre for busette i kommunen.

SR-sak 22.21 FR	Årsrekneskapen 2020, revidert	KS
------------------------	--------------------------------------	-----------

Soknerådet handsama årsrekneskapen på sist møte og tok den førebelse årsrekneskapen for 2020 til orientering. Vedtaket sa også at rekneskapen vert lagd fram for godkjenning på det neste møtet i soknerådet.

Årsrekneskapen blei òg lagd fram for soknemøtet til orientering 21. mars.

6. april hadde revisor enda ikkje starta med revisjon av den avlagde rekneskapen, men ville prøve å få sett gjennom det vesentlegaste innan 14. april.

Alternativt må soknerådet ha eit ekstraordinært møte før 30. april for å handsama budsjettet og årsmeldinga (nest sak). Dette er fristen for revisor til å skrive revisjonsmeldinga for vår verksemd.

Hovudtala og eventuelle endringar blir gjennomgått på møtet viss vi får det tilsendt frå revisor i tide.

Vedlegg: Utleverast på møtet

Forlag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek rekneskapen for Kviteseid sokn for 2020. Mindreforbruket på kr 190.220,35 frå drift, setjast av på disposisjonsfond. Udekte investeringar på kr 23.076 dekkjast inn med investeringsmidlar i 2021.

Handsaming under møtet

Soknerådet syntest ikkje det var naudsynt med endå ein gjennomgang av rekneskapen i og med at det ikkje var nokon endring eller kommentarar frå revisor. Informasjonen frå revisor vart sendt ut på mail til soknerådet dagen før møtet.

VEDTAK:

Som føreslege.

SR-sak 23.21 FR	Årsmelding 2020, endringar etter revisjon	MG
------------------------	--	-----------

Soknerådet handsama årsmeldinga for 2020 på sist møte, men då utan endelege tal frå revidert rekneskap. Årsmeldinga vart òg lagt fram for soknemøtet 21. mars.

Endelege rekneskapsstal og nokre små faktafeil/skrivefeil vert retta opp.

Årsmeldinga vert elles ikkje gjennomgått på møtet.

Vedlegg: *ingen.*

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek årsmeldinga for 2020.

VEDTAK:

Som føreslege.

SR-sak 24.21 SR	Gudstenesteplan for hausten 2021	ML
------------------------	---	-----------

Etter mandat frå soknerådet har gudstenesteutvalet nå laga eit forslag til gudstenesteplan for hausten 2021. Dette er fyrste året soknerådet har vedtatt plan for eit halvt år om gongen. Denne for hausten må difor sjåast i samanheng med gjeldande plan for vår- og sommar 2021.

Vedlegg: *Gudtenesteplan for hausten 2021*

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek den framlagde planen for gudstenester hausten 2021.

VEDTAK:

Som føreslege.

SR-sak 25.21 SR	Offerliste for 2021	ML
------------------------	----------------------------	-----------

Etter mandat frå soknerådet har gudstenesteutvalet nå laga eit forslag til offerliste for gudstenestene hausten 2021.

Vedlegg: Offerliste for hausten 2021**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet vedtek den framlagde planen for ofringar på gudstenester hausten 2021.

VEDTAK:

Som føreslege.

SR-sak 26.21 SR**Kyrkjebladet, nettsida, Facebook og andre sosiale medier****MG/ML/KS**

Soknerådet samtalar om desse punkta under her. Då er det greitt om dei fleste har vore innom dei aktuelle plattformene og gjort seg nokre tankar. Vi tar dei opp på storskjerm viss vi får det til.

- Kyrkjebladet og vidare produksjon av det. Møyfrid som redaktør orienterer først.
- Nettsida www.kviteseid.sokn.no -nyheits-formidling, verktøy eller oppslagsverk, eller ei god blanding? Kyrkjeverja som ansvarleg orienterar.
- Facebook (@kyrkjetrappa) -annonsering ev møte og arrangement, + anna?
- Instagram og andre plattformer

Eventuelt vedtak utformast under møtet

Administrasjonen notera seg dei tankane som kom fram under møtet. Ingen vedtak om endring.

SR-sak 27.21 SR**Gapahuk i Kviteseid****MG / KS**

I sak 65.20 gjorde soknerådet vedtak om å støtte trusopplæringsutvalet sitt ønske om i få sett opp ein gapahuk nær Kviteseid kyrkje.

Ein komité som vart etablert har arbeidd litt med saka. Trusopplæringsutvalet er orientert.

Vedlagt skriv frå 8.4.21 viser situasjonen pr i dag. Der er òg budsjett for prosjektet.
Komiteen ynskjer ei avklaring om dei økonomiske forholda for å komme i gang med arbeidet.

Det skal veldig snart gjerast litt vegarbeid på Dalanvegen langs kyrkja og kyrkjegarden. Der får vi tilgang til mykje god gratis fyllmasse, så ikkje bli overraska om det blir litt anlegg på gapahuk-plassen allereie før vi samlast til dette møtet.

Vedlegg: Gapahuk -21 Skriv 2.0 (08.04.2021)**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet er glad for arbeidet som er gjort så langt, og støttar at det vert laga til ei ekstra innsamling til dette prosjektet. I tru på at vi får samla inn mesteparten av dei midla vi treng til prosjektet frå eksterne gjevarar, gjev soknerådet løyve til å starte opp med arbeidet innanfor dei skisserte rammene.

Informasjon under møtet:

Kyrkjeverja og Håkon Heggtveit (frå komitéen) var 13.04 på synfaring med Arne Kleivstaul frå Vestfold og Telemark Fylkeskommune (VTFK) for å avtala plass og mengde fyllmasse frå vegen til området for gapahuken. VTFK vil grovplanere området. Både soknerådet ved

kyrkjeverja, og VTFK venter på ei skrifteleg stadfesting frå kommunen om at det er greitt å fylle på masse og byggje gapahuk på staden som er kommunal grunn.

VEDTAK:

Soknerådet er glad for arbeidet som er gjort så langt, og støttar at det vert laga til ei ekstra innsamling til dette prosjektet. I tru på at vi får samla inn mesteparten av dei ekstra midlane vi treng til prosjektet, gjev soknerådet løyve til å starte opp med arbeidet innanfor dei skisserte rammene.

SR-sak 28.21 FR	Dugnad på kyrkjegardane mai 2021	MG
------------------------	---	-----------

Vi brukar å kalle inn til vårdugnad på kyrkjegardane før 17. mai. Nokon har gjerne med kaffi og noko å bita i òg.

Forslag til datoar:

Fjågesund: (berre rundt kyrkja)

Vrådal:

Kviteseid gamle:

Kviteseid:

Brunkeberg:

Vi set inn annonse i VTB før fyrste dugnad.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet inviterer til dugnad på kyrkjegardane / rundt kyrkjene desse datoane:

VEDTAK:

Soknerådet inviterer til dugnad på kyrkjegardane / rundt kyrkjene desse datoane:

Fjågesund: (berre rundt kyrkja) onsdag 28.04. kl. 18.00

Kviteseid: onsdag 28.04. kl. 17.00

Kviteseid gamle: torsdag 29.04. kl. 17.00

Brunkeberg: onsdag 05.05 kl. 14.00-18.00

Vrådal: måndag 10.05 kl. 14.00-18.00 (inkl. Roholdt gamle kyrkjegard)

Kilen: Kontakt Svein Holberg

SR-sak 29.21	Eventuelt	MG
---------------------	------------------	-----------

Soknerådet spurte om det var nokon utvikling angåande reparasjon av den grøne messekaken som vart mykje øydelagt av mus i vinter. Soknepresten orienterte om fleire ho var i dialog med.

Kyrkjeverja informerte òg til saka at han igjen hadde vore i kontakt med forsikringsselskapet. Dei bekrefta som tidlegare at det ikkje er nokon forsikring i KNIF Trygghet Forsikring som vi brukar, som dekker øydeleggningar av gnagarar (mus).